

## Plastleiker på symjetur

Langt, langt inn i framtida kan barn finne legoklossane våre på stranda.

AV AXEL MUNTHE-KAAS HÆRLAND | PUBLISERT 14 MAR 2025

Illustrasjon av to røde lego-klosser

Illustrasjon: Tank.no

Tenk deg at eit barn leikar på ei strand om 1300 år. Og tenk på kor mange år som har gått sidan vår eiga tid – meir tid enn det er mellom tidsalderen til vikingane og oss sjølve! Framtidsbarnet finn ein dings av plast i tangen. Barnet kikkar på dingsen, som er liten og øydelagd. Det er kanskje ikkje mogleg å sjå kva det ha vore. Men vi veit det: Det er restane av ein heilt vanleg legokloss!

Legoklossar som hamnar i havet, kan nemleg flyte rundt i heile 1300 år før dei blir heilt nedbrotne.

### Smart metode

Forskarar fann ut dette ved å analysere legoklossar som hadde skylt i land på strendene sørvest i England. Ved hjelp av røntgenstrålar fastslo dei alderen på legoklossane. Deretter samanlikna dei tilstanden til desse klossane med ubrukte legoklossar frå same år. Dersom dei til dømes fann ein legokloss i havet som var frå året 1980, samanlikna dei han med ein heilt ubrukt legokloss frå 1980.

Med denne metoden kunne forskarane beregne effekten av saltvatn på legoklossane. Saltvatnet bryt ned plasten. Til slutt er legoklossane heilt borte! Men det tek altså veldig lang tid. For somme av dei minste klossane vil det ta hundre år å bli heilt oppløyst av saltvatn, for andre vil det ta 1300 år.

### Gjetta feil

Andrew Turner, den engelske professoren i miljøvitenskap som leidde studien, visste på førehand at lego var haldbart. Lego er trass alt blant dei mest selde leikane i verda, og dei er laga for å tolle tøff bruk. Likevel var han overraska over at klossane kunne flyte rundt i heile 1300 år før dei var nedbrotne. På førehand hadde han gjetta på maks tusen år.

– Forskinga viser kor viktig det er at folk kastar brukte ting på rett måte, slik at tinga ikkje skaper problem for miljøet, sa han til den engelske avisa "The Independent".

Meldinger ved utskriftstidspunkt 25 april 2025, 18:48 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.